

2026-06-10 13:46:35

NRK

Havvind-striden: Ja til full gjennomgang av pengestøtte

Det omstridde forslaget om ein full gjennomgang av kostnadene knytte satsinga på havvind, fekk i dag fleirtal i Stortinget. Frp og KrF stemte for forslaget frå Høgre og Raudt.

Kristian Skårdalsmo – Journalist

Mats Rønning – Journalist

Helene Hjelseth Holen – Journalist

Publisert 10. juni 2026

Saka oppsummert

Frp sikrar fleirtal for ein ny gjennomgang av kor mykje Noregs havvindsatsing vil koste, saman med Høgre, Raudt og KrF.

Medan nokon ser satsinga på havvind som viktig for framtidens grønne skifte, meiner motstandarane det er ei sløsing med ressursar.

Kritikarar åtvarar om potensielle konsekvensar for arbeidsplassar langs kysten.

Er det behov for å gå gjennom pengebruken – ein gong til – når staten skal bruke 35 milliardar kroner på å få til flytande havvind i Noreg?

Ja, meiner Høgre, Raudt og KrF – og no altså Framstegspartiet. Forslaget blei vedtatt med 51 mot 50 stemmer.

– No sløser ein vekk enorme milliardbeløp på ei ulønnsam næring, seier **Kristoffer Sivertsen i Framstegspartiet**.

Stortingspolitikaren frå Rogaland meiner det finst betre måtar å bruke skattebetalaranes pengar på.

– Så finst det alternativ for å gi fleire arbeidsplassar og aktivitet i verfta. Det er å satse meir på olje- og gassnæringa.

Bakgrunnen her er at Høgre har foreslått i Stortinget at ein skal gjere ein ny gjennomgang av kostnadane ved den norske satsinga på flytande havvind.

Dette er forslaget fra Høgre og Raudt

Stortinget ber regjeringa legge fram ei ekstern kvalitetssikring, samfunnsøkonomisk analyse og vurdering av teknologiutviklingspotensialet for støtteprogrammet for flytande havvind, slik at Stortinget kan behandle saka før det blir inngått forpliktingar basert på vedtak nr. 385 (2024–2025) og med sikte på at kvalitetssikringa er gjennomført seinast innan første halvdel av 2027.

Satsinga på 35 milliardar kroner vart forhandla fram av SV for to år sidan.

Framstegspartiet vil no stemme subsidiært for Høgres forslag.

– Høgre og Frp må ta ansvar for det dei er i ferd med å gjere. Stoppar havvindsatsinga nå, er det fullt og heilt Høgre og Frp si skuld at Noreg taper straum, industriaktivitet og arbeidsplassar, seier **energiminister Terje Aasland (Ap)** til NRK.

– Heilt ufatteleg

– Det er heilt uforståeleg og heilt ufatteleg at Høgre bidrar til å skape denne uvissa, sa energiminister Terje Aasland (Ap).

– Dei må bere konsekvensen av forslaget sitt på skuldrene sine, dersom det skulle gjere at nokre av dei som utviklar dette, endrar oppfatning av stabiliteten og føreseielegheita i Noreg, sa statsråden.

Men Nikolai Astrup i Høgre slo tilbake med Aaslands egne ord:

– **Det er veldig spesielt og heilt uforståeleg at ikkje regjeringa sørger for at vi har eit grundig og godt kvalitetssikra prosjekt som minimerer risikoen for at prosjekt slår feil, sa han.**

– Det er heilt avgjerande at dette første flytande havvind-prosjektet blir vellykka. Men da må vi også sørge for at vi gjer det vi kan for å ta ned risiko og auke sjansen for vellykka gjennomføring.

Men Høgre får kritikk også frå NHO.

– Vi registrerer at fleire parti ikkje lytta til bekymringane som ein samla havindustri har uttrykt. Dette sest på som omkamp om føresetnader i ei sak som allereie er godt utgreidd, seier NHO-sjef Ole Erik Almlid til NRK.

Politisk splitting

Det er ikkje tvil om at havvind splittar sterkt politisk.

Det tilhengarane meiner er ei satsing på framtidas klimavennlege industrieventyr, meiner kritikarane er sløsing på ei næring som aldri blir lønnsam.

Mykje av søkelyset rettast no mot Raudt, som sviktar dei raudgrøne og går saman med Høgre, Frp og KrF.

– Eg trur dette blir mykje dyrare enn det ein hadde sett for seg, og da meiner eg at Stortinget bør få ærlege tal på det, seier **Raudts nestleiar Sofie Marhaug i energi- og miljøkomiteen.**

– Eg er ueinig i at dette sett tusenvis av arbeidsplassar i spel, fordi vi veit ikkje eingong om desse oppdraga kjem til norske verft, seier Raudt-nestleiar Sofie Marhaug.

Havvindsatsinga vart nyleg tatt opp i forhandlingane om revidert nasjonalbudsjett.

Men da avtalen vart klar, stod det ingenting eksplisitt om at satsinga skal fortsette.

Pressekonferanse i Vandrehallen

Marhaug meiner det Stortinget skal ta stilling til i dag, er eit «eit nøkternt forslag om å få oppdaterte kostnadsanslag».

– Men ein produserer jo utstyr til havvindmøller no på verft i Noreg. Kva har du å seie til dei som er redd for å miste jobben sin?

– Det er riktig at det produserast til havvind på verft i Noreg. Men det er ikkje oppdrag i Noreg, det er utanlandske oppdrag, så dette vil ikkje påverke det, seier Marhaug.

– Natur og Ungdom meiner at dette sett Raudts truverd som klimaparti på spel. Kva har du å seie til det?

– Vi er nøydde å redusere forbruket. Eg trur at dei 35 milliardane i subsidiar ville vore brukt mykje betre viss dei gjekk til ting som kan redusere energiforbruket, heller enn at det går til eit luftslott, seier Marhaug.

Utdrag frå

https://www.nrk.no/norge/havvind_-fleirtal-for-full-gjennomgang-1.17912902